

SØKNAD OM TILSKOT TIL VERDISKAPINGSPROSJEKT 2014 – 2016

1. PROSJEKTOMTALE

Namn på prosjektet: Kystpilegrimsleia Rogaland - Nidaros

Geografiske verkeområder med viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap: Kysten frå Rogaland til Trondheim

Prosjekteigarar: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Sør-Trøndelag fylkeskommune.

Prosjektansvarlig: Prosjektstyret, ein representant frå kvar av fylkeskommunane ved politisk representasjon. Bispedømme langs kysten, representert av biskop Erling J. Pettersen

Rapporteringsansvarleg: Sogn og Fjordane fylkeskommune på vegne av prosjekteigarane

Kontaktopplysningar: Fylkeskonservator Eva Moberg/seniorrådgjevar Knut Åland.

For nærare konkretisering av prosjektet viser vi til vedlagte prosjektplan og rapport frå forprosjektet, gjennomført og ferdigstilt i 2013.

2. ORGANISERING OG FORANKRING

Prosjektet er organisert med styringsgruppe (PA), Prosjektgruppe (PG) Prosjektleder (PL) og eit arbeidsutval (PAU)

Prosjektet er forankra med politiske vedtak i kvar av fylkeskommunane. Bispedømmeråda ser positivt på prosjektet og kulturrådgjevarane i dei fire bispedømme har starta eit arbeid med å utvikle materiell for dei kyrkjelydane som vert del av Kystpilegrimsleia.

Kystpilegrimsleia Rogaland Nidaros:

I prosjektet deltek Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Stavanger bispedøme, Bjørgvin bispedøme, Møre bispedøme og Nidaros bispedøme. Prosjektet er organisert med ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe.

Som del av prosjektet vil andre samarbeidspartar bli vurdert, slik som forskings- og kunnskapsmiljø i fylka, kommunar, næringsliv, organisasjonar, frivillige, og eigarar til landområde og bygningar, m.m.

Det er lyst ut stilling som prosjektleder. Tilsetjing vil skje omgåande. Prosjektleder har det daglege ansvaret for framdrifta i prosjektet. Prosjektleder rapporterer til prosjekteigar som er ansvarleg overfor Riksantikvaren. Sogn og Fjordane fylkeskommune har arbeidsgjevaransvar.

3. MÅL FOR PROSJEKTET

Mål for verdiskaping, kulturarv og kunnskap

Konkrete mål for 2014:

- Prosjektet tar utgangspunkt i rapporten frå Forprosjektet Kystpilegrim Rogaland – Nidaros frå 2013. Her er det lagt konkret vurderinga for kva som skal til av tilretteleggingsarbeid og finansiering for at Kystpilegrimsleia frå Rogaland til Nidaros kan verta ein del av Pilegrimsleia (St. Olavsvegane). Prosjektet er delt i to, med ein del på verdiskaping og næringsutvikling og ein del på formidling og vidare kartlegging.
- Hovudprosjektet vil bidra til å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten. Leia skal legge til rette for ei brei verdiskaping der kulturminne og kulturmiljø kan utgjere eit vesentleg element i lokal samfunnsutvikling, auka sysselsetjing og berekraftig næringsutvikling. Kommunane langs leia skal involverast i dette arbeidet. Bruk av lei skal fremme kunnskap om historie, kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse og tilrettelegging for bruk og vern av kulturarven.

4. TILTAK OG AKTIVITETAR I 2014

Tiltak og aktivitetar i 2014 med framdriftsplan

Opplegg for resultatrapportering og dokumentasjon

- Kystpilegrimsleia skal lanserast i samband med Grunnlovsjubileet 2014. Planlegging av dette arbeidet er starta opp. Det vert lagt opp til ein seglas langs kysten med minst eit arrangement i kvart fylke. Prosjektet skal danne grunnlag for utvikling av kunnskap gjennom forskning og formidling, inngå i nasjonal og internasjonal reiselivssatsing samstundes som ein får dokumentert, tilrettelagt, bevart og vedlikehalde ein kulturhistorisk reiserute av nasjonal verdi.
- Digitalisere leia, med utgangspunkt i kvar enkelt kommune og punktvis markering av kulturminne, hamneforhold, reiselivsaktørar og opplevingar. Det vert oppretta ein GEO database, der leia og stadane undervegs vert lagt inn som vektoriserte linjer og punkt. Utgangspunktet for å kunne digitalisere Kystpilegrimsleia er bygt på ei detaljert kartlegging av leia og med referansar både til mellomalder og til forhistorisk tid. I tillegg skal rapporten frå forprosjektet nyttast for å legge inn punktvis data. For området sør for Boknafjorden må det gjerast nye registreringar. Det same må gjerast lengst i Sør-Trøndelag ved Trondhjemsfjorden. Utabeide informasjon via GPS og GIS-verktøy
- Kartlegge område med spesielt behov for utvikling og nyetablering av overnattingsstader, matservering og opplevingstilbod (område med lite eksisterande tilbod). Prioriterte oppgåver bør her vere ny bruk av gamle bygg, t.d. fyrstasjonar, handelsstader, gardsbruk etc. Kople Kystpilegrimsleia opp mot eksisterande system for overnatting og transport.
- Initiere istandsetting og restaurering og ny bruk av bygningsmasse langs kysten. Kompetansebygging med tanke på oppretting av ny næringsverksemd og bedriftsutviklingstiltak i eksisterande næringsverksemd. Skiping av forpliktande nettverk,

«klynger» med potensielle pilgrimsaktører langs kysten og auka gjensidig utveksling av informasjon og idear. Samarbeid med Innovasjon Norge

- Ny bruk av fyrstasjonar, sjøhusmiljø, gardbruk for aktivitet gjennom Kystpilegrimsleia som t.d. overnattingsstader og matsservering.
- Kartlegge og stimulere til aktivitetar i kommunane langs Kystpilegrimsleia. Kommunane langs leia skal involverast i dette arbeidet. Det må i dialog med kommunane leggjast vekt på justering og oppdatering av kommunale næringsplaner og -kulturminneplaner. Opprette kontakt og samarbeid med destinasjonsselskapa, NCE Tourism Fjord Norway og frivillig sektor, fartøyvern foreiningane, samt transportselskap, hurtigruta og ekspressbåtane med vidare.

5. BUDSJETT

Budsjett hovudprosjekt	2013	2014	2015	2016	SUM
Prosjektleiing inkl administrativt kostnader	400	820	850	900	2970
Informasjon/kommunikasjon/formidling	200	250	250	200	900
Reise/diett/overnatting	60	100	100	100	360
Mobilisering/forankring/nettverkssamlingar	100	200	200	200	700
Kompetansebygging	60	200	200	200	660
Opningsmarkering/Grunnlovsjubileet 2014	50	200			250
Tiltak reiseliv/næringsliv	30	200	200	200	630
Styringsgruppe	50	80	80	80	290
SUM	950	2050	1880	1880	6760
Finansiering hovudprosjekt					
Riksantikvaren	450	900	740	740	2830
Fylkeskommunane	450	900	740	740	2830
Andre	50	250	400	400	1100
SUM	950	2050	1880	1880	6760

Vi viser til Riksantikvaren sitt brev av 6. desember 2013 og søkje med dette støtte til verdiskapingsforemål for, Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros, for åra 2014 – 2016.

Samla søknadssum over kapittel 1429 post 77 vert som vist i tabellen ovanfor (uttrykt i heile 1000): For 2014, 2050 kroner og samla for heile prosjektperioden 2014 – 2016, 2380 kroner.

Budsjett og finansiering er sterkt knytt til dei offentlege partane sitt engasjement i saka. Samarbeidspartar innan nærings-/reiseliv vil vert meir synleggjort gjennom arbeidet og den vidare framdrifta i prosjekt. Det vil såleis vere relevant å sjå føre seg justert budsjett/finansieringsplan knytt til næringsaktørane sitt bidrag (Andre).

6. PROSJEKTET SI BETYDNING FOR VERDISKAPING, KULTURMINNEFORVALTNING OG LOKALT OG REGIONALT UTVIKLINGSARBEID

Kva betyr prosjektet for kommunen/fylkeskommunen sitt arbeid med lokal og regional utvikling og bevaring og bruk av kulturminner?

Kva betyr prosjektet for eigarar, næringsliv, frivillige og andre aktørar?

Her viser vi på dette tidspunkt syne til dei effektmåla som er skisserte i prosjektplanen for prosjektet. Desse er:

- Auka medvit om samanhengen mellom pilegrimsleia, næringsutvikling, kulturvern, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.
- Styrking av nasjonal, regional og lokal identitet og samhandling.
- Skiping av forpliktande nettverk, «klynger» med potensielle pilegrimsaktørar langs kysten og auka gjensidig utveksling av informasjon og idear. Samarbeid med Innovasjon Norge
- Klargjere i kva grad eksisterande prosjekt kan knytast opp mot kystpilegrimsleia.
- Godt samarbeid med Nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim og aktuelle offentlige etatar.
- Auka lokalt engasjement i forhold til kyrkjer, kulturminne og heilagstader.
- Fleire besøkande til heilagstader og kulturminne langs kysten og auka turisme.
- Fleire gjester på overnattingsstader og større omsetning i butikkar etc.